

Opningstale

Ole Aastad Bråten

Landsmøte i Norges museumsforbund

Måndag 13. april 2026

Deres majestet, statsforvaltar, kjære alle saman!

Velkomen til Det nasjonale museumsmøtet i Kirkenes!

Vi er langt nord – og vi er tett på! Krig og aktualitet – og nyheitssaker som ruller over skjermane våre. Kvar dag. Vi er tett på dei kreftene som sidan 2022 har gjort alt dei kan for å drepe og dehumanisere. Og vi er tett på ei krigsmakt som medvite øydelegg kulturarv, også den kulturarven dei har skapt sjølve.

Midt i spenningane står vi. Derfor må vi spørje. Tek vi innover oss krigens konsekvensar? Ser vi menneska som mistar alt? Kva kan vi lære av dei pågåande krisene og korleis skal vi sikre natur- og kulturverdiar i tilfelle vi sjølve blir råka? Dette er tema for årets museumsmøte.

Det bur ekskluderande mekanismar i all politikk, i all kultur. Men det bur i oss ei endå større kraft til å skapa, samskapa, forstå og forsone. Derfor må musea halde fram med å bygge gode, tillitsbaserte samfunn, og bidra til utviklinga av nasjonen – og sanne og dialogbaserte samtalar.

Opplyste borgarar er ein føresetnad for eit velfungerande demokrati – og for samfunnets helse. I dette arbeidet spelar musea ei viktig rolle. Arkiv

og samlingar er ikkje tause, gravkammer. Dei er aktivum til samfunns- utvikling, kunnskap, sameksistens og fred. Derfor må vi beskytte arkiva, samlingane og musea – dei kollektive minne våre.

For menneske på flukt – og som har mista alt – kan kulturarv bety særleg mykje. For palestinske flyktningkvinner er den tekstile kulturarven kanskje det einaste ein får med seg. Men broderi er ikkje berre vakre mønst- er. Dei er minner om landet ein flykta frå. Langt vekk er det broderia som trøyster. Derfor vaktar kvinnene tekstilarven som om dei var heilage relikvie.

Broderi gir håp – og bygger kraft mot krefter som dehumaniserer. Slik er krafta i kulturarven. Kulturarven er som arkeologen Hein Bjerck påpeiker, ein sovande kjempe som vaknar til live når det trengs.

Krafta i kjempa blir aldri heilt borte, og fordi søvnen er lang og samfunnet i stadig endring, så vil hamen som kjempa vaknar opp i, alltid vere ny. Derfor vil også ideane om kva kulturarv kan vere – vere ulike til ulike tider.

Musea er kjemper og verdiforvaltarar av det mest verdifulle vi har, det som bitt oss saman. Det bur ei enorm samfunnsbyggande kraft i det vi gjer, det vi forvaltar. Vaknar musea til live når det trengs, når samfunnet brenn, når menneske roper? I spørsmål om museum, krig og beredskap kjem vi ikkje utanom spørsmåla som Hein Bjerck stiller.

Deres majestet! Eg vil takke dronninga for å vere i Kirkenes, saman med oss, og for at dronninga held fram som høg beskyttar for forbundet.

Men vit dette, dronning, du er ikkje berre høg beskyttar, men like mykje eit førebilete, for måten du bidreg til beskyttelse av dei finaste kulturminna i Noreg – og den immaterielle kulturarven.

Gjennom eige praksis veit dronninga korleis arbeid med kunst og kultur og kulturarv ikkje berre bygger innsikt, fellesskap og gjer klok, men at det òg gir rom for glede og trøyst.

Slik er krafta i kulturarven. Saman med museumskollegaer i Ukraina og andre hard råka land, og dei palestinske flyktningkvinnene forvaltar vi alle eit universelt, kulturelt språk. Eit språk utan ord, som alle forstår og som gir rom for den sterkaste *klangen*.

Eg ser fram til innhaldsrike og *klangfulle* dagar her i Kirkenes!

Nok ein gong, velkomen til landsmøte i Norges museumsforbund.

Då vil eg gje ordet til varaordførar i Sør-Varanger, Tore Fredrik Nilsen.

- Helsing frå varaordførar Sør-Varanger, Tore Fredrik Nilsen
- Introduksjon 200 års grenseliv v/Berit Nilsen, Varanger museum
- Introduksjon Mariann W. Magga

Opningstale

Ole Aastad Bråten

Årsmøte i Norges museumsforbund

Tysdag 14. april

Godt folk!

For eitt år sidan etterlyste Museumsforbundet statlege bjøllekyr – i KUD og Kulturdirektoratet – til endå større innsats for musea. – Det er tungt å drive utvikling av ein sektor når ikkje alle sit i same båten, sa vi. Der Nasjonalarkivet og Nasjonalbiblioteket har leiarskap som driv fram utvikling på *sine* område – til glede også for musea, manglar musea ei fagleg og utviklingsorientert bjølleku.

Har departementet lytta?

For ein månad sidan kom meldinga frå kulturminister Jaffery om at ho har satt i gang ei utgreiing av verksemdene underlagt departementet, blant anna Kulturdirektoratet. Utgreiinga skal vurdere om enkelte etatar kan slåast saman til det ho kallar «færre, meir effektive og robuste verksemdar». Jaffery legg opp til ein rask prosess.

Museumsforbundet helsar initiativet velkomen. For vi har forventningar til større merksemd rundt våre behov – anten dette handlar om digital infrastruktur eller bygningsvern, eller dei andre oppgåvene som følgjer med Museumsreforma.

Og apropos reforma

Det er 25 år sidan reforma snudde opp ned på heile vår sektor, og stilte nye krav til profesjonell styring, til betre samlingsforvaltning, og til meir og betre forskning. Reforma var nødvendig og vellykka. Likevel opplever mange museum at tilskottet dei får frå staten, i liten grad er knytt til den innsatsen dei gjer for å følge opp nettopp reforma.

Ei eventuell påplussing på det statlege tilskottet kjem som resultat av politisk sluggervirksomheit, ikkje kvaliteten i det enkelte museums leveranse – eller evne til oppfølging av dei pliktene som følgjer med reforma.

Kva skjer med dei musea som *ikkje* leverer?

Kulturdirektoratet sin ambisjon om å gå vidare med kvalitetsvurderingar av museumssektoren er i så måte bra, og vil kanskje skjerpe forholdet mellom det enkelte museums aktivitet – og tilskott.

Aktivt departementet

For NMF ynskjer seg aktivt samhandlande offentlege organ. Eit direktorat og eit departement som meiner noko om våre museum – og korleis vårt landskap skal sjå ut.

Som følgje av endring i fylkesstruktur melder det seg nokre stader diskusjonar om framtida for dei musea som blir råka av desse endringane. Men KUD er ofte fråverande i spørsmål om fortsatt konsolidering, deling eller samanslåing. Som oftast svarar dei at slike prosessar skal vere frivillige og lokalt styrde. Kvifor meiner ikkje KUD noko om dette?

Kva med dei kommunane som ikkje følgjer opp i det offentlege spleiselaget? Der nokre bidreg med ein rimeleg regional andel, sniker andre seg unna. Kvifor følgjer ikkje KUD opp desse kommunane?

I februar hadde vi ein tekst i Dagsavisen der vi peikte på mykje av dette. I «Fire ynskje for musea» tok vi til orde for å endre direktoratstrukturen, gje kommunar som sluntrar unna ein oppstrammar, og styrke rammene for KulturIT slik at dei blir likeverdige samarbeidspart med NB. Vi er glade for at KUD grip fatt i nokre av innspela våre.

Og for at denne opningstalen ikkje berre skal bli ei jammertale, må vi hugse å takke for at staten følgjer opp løns- og prisvekst, investerer i sektoren vår, og for terskelen for dialog er låg.

Og med det håpar vi på eit godt årsmøte og eit friskt ordskifte.

Takketaler

Liv Ramskjær

I fjor, i samband med den årlege dronninghelsinga under festmiddagen, kom eg i skade for å forveksle dronninga med Liv Ramskjær. Det var ikkje så rart. I 12 år er det Liv som har vore dronninga og den fremste i flokken.

Men no skal Liv slutte. Det vil seie, Liv har slutta. Det gjorde ho allereie i oktober i fjor, men prosessen med å få på plass ein ny generalsekretær har vore lang, og i mellomtida har Liv halde fram som fungerande GS.

Med stø hand, tydeleg stemme, djup innsikt og kjærleik til feltets fag og lange tradisjonar, har Liv halde i taumane i alle desse åra.

Styret – og alle musea samla her i dag – vil få takke deg for arbeidet du har utført for forbundet og museumssektoren gjennom desse 12 åra.

Som styreleiar kjem ein særleg tett på. Morgon og kveld. Helg og sykne. Om stort og smått. Om det som bekymrer og det som inspirerer. Eg har lært mykje av deg. Liv. Eg kjem til å sakne både samtalene og møta.

Takk for no, Liv!

To styremedlemmer forlater oss òg. **Kristin Armstrong-Oma** og **Espen Frøysland**. Takk for innsatsen for Norges museumsforbund.

Takk for fagleg styrke, inspirerende samtalar, og for at du, Espen, alltid har ein båt ein kan bu i under Arendalsuka.